

Kultur- og kyrkjedepartementet 30. mars 2006

Språkstatistikk for departementa for 2005

Samanstillinga av statistiske oppgåver over fordelinga mellom nynorsk og bokmål i departementa for 2005 er no ferdig.

Stortingsdokument

Samla nynorskprosent i proposisjonar og meldingar til Stortinget kom siste året opp i 22,3 pst. Nynorskprosenten har aldri vore høgare enn dette. Men framleis er nivået lågare enn det forskriftsfesta minstekravet på 25 pst. Gjennomsnittet for dei tre siste åra var 20,1 pst.

Det er framleis stor variasjons departementa imellom. I 2005 var det særleg Finansdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet som hang etter, alle med under 10 pst. nynorsk. Og ser vi dei siste tre åra under eitt, var det også tre andre departement som berre hadde litt over 10 Pst. nynorsk; det var Helse- og omsorgsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Forsvarsdepartementet. Men Forsvarsdepartementet kan vise til ein solid framgang i 2005, da nynorskprosenten i stortingsdokument var nær oppunder minstekravet på 25 pst.

Den siste treårsperioden under eitt er det berre fire departement som har oppfylt minstekravet på 25 pst., og dei har gjort det med god margin. Desse er Utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. I tillegg hadde Utanriksdepartementet og Olje- og energidepartementet over 25 pst. nynorsk i 2005, og Justis- og politidepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet låg tett oppunder.

Andre dokument

I andre dokument enn proposisjonar og meldingar står det likevel langt dårlegare til. Dette gjeld først og fremst for innrapporterte dokument over 10 sider. Her var samla nynorskprosent i 2005 berre 4,6; det er det lågaste nokon gong, og her har det vore ein gradvis nedgang frå 1998. Berre Olje- og energidepartementet rapporteter om over 25 pst. nynorsk i slike dokument, mens åtte departement ikkje brukte nynorsk i det heile i andre større dokument enn proposisjonar og meldingar.

Derimot stod det noko betre til i dokument under 10 sider. Her er det talet på dokument, ikkje sidetalet som blir innrapportert, og gjennomsnittet for alle departementa var 12,4 pst. nynorsk i 2005. Dette er omtrent same nivået som året før, men det stadfester den nedgangen som har vore frå eit nivå på om lag 25 pst. for fem-seks år sidan. Fire departement rapporterte om over 25 pst. i 2005; det var Landbruks- og matdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet. Kultur- og kyrkjedepartementet låg tett oppunder.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2005	2003	2004	2005	2003-2005
1. Utdannings- og forskingsdep. ¹	43,1	60,9	46,4	55,5	54,3
2. Miljøverndepartementet	25,8	33,9	59,5	61,1	51,7
3. Landbruks- og matdepartementet	52,8	25,1	85,4	57,8	49,1
4. Kultur- og kyrkjedepartementet ²	35,7	52,8	32,3	36,6	41,8
5. Utanriksdepartementet	18,7	18,6	18,5	29,7	21,7
6. Kommunal- og regionaldep. ³	16,1	24,3	21,3	16,8	20,7
7. Olje- og energidepartementet ⁴	8,9	14,3	20,5	25,8	18,8
8. Samferdselsdepartementet	14,3	8,7	17,2	23,6	16,3
9. Justis- og politidepartementet	10,4	14,7	9,2	24,3	16,0
10. Moderniseringsdepartementet ⁵	11,0	8,7	20,5	24,3	15,5
11. Nærings- og handelsdep. ⁶	7,2	25,0	10,0	4,8	15,5
12. Arbeids- og sosialdep. ⁷	7,6	13,8	18,6	8,4	12,5
13. Forsvarsdepartementet	8,3	7,8	5,7	24,8	12,1
14. Fiskeri- og kystdepartementet	18,6	10,4	10,4	13,7	11,7
15. Barne- og familiedepartementet	10,4	11,1	14,4	9,0	11,4
16. Helse- og omsorgsdep. ⁸	7,4	11,3	3,5	13,1	10,3
17. Finansdepartementet	8,4	9,6	11,7	7,9	9,7
SUM	15,9	18,9	19,0	22,3	20,1

¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

⁶ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei Sosialdepartementet.

⁸ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
1. Landbruks- og matdepartementet	36	18	31	21	- ⁹	30	6,5	39,4
2. Arbeids- og sosialdep. ¹⁰	27	30	24	5	7	10	6,5	37,5
3. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22	25,0	28,7
4. Fiskeri- og kystdepartementet	31	20	21	21	18	26	24,2	27,3
5. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹¹	37	34	28	15	29	25	30,4	24,2
6. Moderniseringsdepartementet ¹²	26	18	16	7	8	9	18,1	22,4
7. Barne- og familiedepartementet	37	18	41	13	7	9	14,7	21,8
8. Kommunal- og regionaldep. ¹³	28	36	32	28	28	14	20,0	21,6
9. Olje- og energidepartementet ¹⁴	13	15	38	29	21	26	22,3	21,3
10. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20	6,8	19,5
11. Nærings- og handelsdep. ¹⁵	15	16	13	11	8	4	5,0	15,3
12. Justis- og politidepartementet	10	8	32	26	18	20	24,6	11,9
13. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15	14,3	10,5
14. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0	3,2	9,7
15. Helse- og omsorgsdep. ¹⁶					20	11	12,1	9,5
16. Utdannings- og forskingsdep. ¹⁷	35	25	21	8	8	7	7,3	3,9
17. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8	6,1	2,9
SUM	25	22	25	17	13	15	12,6	12,4

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
1. Olje- og energidepartementet ¹⁸	0	0	0	0	0	0	24,2	45,5
3. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹⁹	13	5	2	5	13	2	25,2	5,8
4. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7	2,2	5,8
5. Kommunal- og regionaldep. ²⁰	8	11	22	23	26	4	3,7	5,3
6. Fiskeri- og kystdepartementet	-	12	29	0	8	15	3,2	5,2
7. Moderniseringsdepartementet ²¹	12	8	53	37	8	0	0,0	3,3
8. Barne- og familiedepartementet	11	19	24	4	4	3	3,4	1,9
9. Justis- og politidepartementet	2	1	4	4	1	2	4,9	1,6
10. Utdannings- og forskingsdep. ²²	11	8	18	6	0	16	5,3	0,5
2. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18	22,6	0
11. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0	11,7	0
12. Nærings- og handelsdepartementet ²³	5	0	0	3	11	5	11,3	0
13. Helsedepartementet ²⁴	-	-	-	-	7	9	9,1	0
14. Arbeids- og sosialdepartementet ²⁵	6	7	20	10	0	0	8,8	0
15. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0	0,0	0
16. Landbruks- og matdepartementet	1	0	11	2	- ²⁶	0	0,0	0
17. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0	0,0	0
SUM	12	10	13	9	8	6	5,6	4,6

⁹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.¹⁰ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet¹¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.¹² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet.¹³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.¹⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.¹⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.¹⁶ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.¹⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.¹⁸ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.¹⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.²⁰ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.²¹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet og for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet.²² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.²³ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.²⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.²⁵ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet.²⁶ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.